



ÅRSMELDING 2015-2016

Styret har vore sammensett slik:

| | |
|-----------------|--|
| Leiar: | Anne Merete Heggland |
| Kasserar: | Linda Rasmussen |
| Styremedlemmer: | Leif Juvik, Wenche Torgersen Nyborg, Reidar Dale |
| Revisor: | Kåre Kristiansen |
| Valkomite: | Bjørn Hauge og Frode Dyrstad |

Kursansvarleg: Torhild Rasmussen

Styremøte

Fem styremøte er avvikla denne sesongen. Elles held styret kontakt via e-post/telefon.

Spelekveldar

Det er blitt avvikla 37 spelekveldar (to av dei saman med BAK), om lag like mange som forrige sesong. I tillegg har vi arrangert jubileumsturnering, romjulsturnering og tre turneringar i forbindelse med klubbturen til Herdla i januar.

Aktivitetsnivå

Oppmøtet på klubbkveldane har teke seg godt opp denne sesongen, noko som må seiast å lova godt for åra som kjem. På dei 30 spelekveldane vi har hatt denne sesongen (pr. 4. april) som er rapportert gjennom Ruter har det deltatt 345 par, noko som gjer eit snitt på 11,5 par/kveld. Tilsvarande tal forrige sesong var 241 par på 29 spelekveldar; eit snitt på 8,3 par/kveld.

Medlemmer

Klubben har pr. utgongen av april 36 registrerte medlemmer. Dette er 2 fleire enn for eit år sidan.

Bridgemate/meldebokser/kortdublering


Ingen endringar er gjort denne sesongen. Vi har fungerande bridgematar til 18 bord, ein server, ein printer, ei kortdubleringsmaskin og meldeboksar til ca 20 bord.

Spelelokale

Alle klubbkveldane, med unntak av ein (på Studentsenteret mot BAK) er spelt i Eldresenteret. Etter at salongen blei utvida for eit par år sidan har vi no rikeleg med plass til alle turneringar vi arrangerer. Framleis kan lokalet til tider vera for kaldt, noko som er tatt opp med huseigar fleire gonger.

"Grasrotandelen"

Inntektene frå "Grasrotandelen" er blitt ei viktig inntektskjelde for klubben. Også i 2015 auka inntektene, frå 56 410.- i 2014 til kroner 58 418.- i 2015. Tusen takk til alle som gjer sin andel til Os Bridgeklubb.




Blå strek viser generert beløp, grøn strek antall spelarar registrert på Os BK.

Finn makker

Ein nyhet på tampen av årets sesong var nettsida finnmakker.no. Sida gjer det mogleg å skaffa seg makker til både klubbkveldar og øvrige turneringar. Os BK er alt med blant dei registrerte klubbane og fleire klubbar frå området omkring vil truleg komma med etter kvart. Link til sida er no òg lagt på www.osbk.no.

Takk til Halvor Dahl i Spiren BK i Oslo som har utvikla sida og hjelpt oss med registreringa av klubben i systemet.



www.finnmakker.no

Kursvirksomhet

Hovudsatsinga på kursfronten denne sesongen var ungdomskurset i arrangerte helga 27. - 28. februar. Det blei søkt om pengar til gjennomføringa av kurset, og vi fekk innvilga kr. 5000.- i LNU-midlar frå NBF.

Vi starta annonseringa av kurset rett over jul, og i tillegg til plakatar og Facebook blei kurset annonsert både på «Midtsiden» og nettsida til «Os og Fusaposten». «Midtsiden» hadde òg ei redaksjonell sak på kurset.



Framsida til «Midtsiden» 8. februar 2016. Carl-Otto Curran, Thea Hauge og Daniella V. Johannesen reklamerer for ungdomskurset.

Vi fekk fem påmeldingar til kurset og kurset blei halde i Os Folkebibliotek. Takk til Os kommune/biblioteket for gratis lån av lokalet.

Etter avtale med NBF blei det laga ein rapport frå kurset. Den ligg òg på nettsida vår og kan lesast i sin heilheit der. Der ligg det og link til film av Torhild Rasmussen sin opningstale til bridgeungdommen i bygda. Tusen takk til Torhild for eit flott kursopplegg. Her er nokre bilete frå ungdomskurset.



Frå spelinga laurdag. Daniella og Edel speler saman. Torhild følgjer med i bakgrunnen. Elles ser vi frå venstre Marte, Lea og Fartein.



Pause, på Capri pizza-restaurant.



Frå lagkampen som avslutta kurset, Edel (med ryggen til), Fartein, Torhild og Carl-Otto.

I tillegg til ungdomskurset har Torhild òg halde oppfriskingskurs på tannklinikken frå sein haust og utover vintert/vår.

Sist, men ikkje minst, hadde Bjørn Hauge «Bridge med Bjørn» ein måndag i måndaden på hausten. Her blei det i timen før start på klubbspelinga tatt opp spesielt utvalde tema i

meldingar og spelteknikk. Takk til Bjørn for initiativet. Vi håper å få til fleire slike temakveldar komande sesong.

Os BK 75 år

Klubben fylte hausten 2015 75 år, og det måtte sjølvsagt markerast. Etter ein del diskusjonar på både årsmøte og i styret falt valet til slutt på ei intern markering for klubbens medlemmer. Dato for markeringa blei laurdag 24. oktober, som er omtrent på dagen 75 år etter stiftinga av klubben. Som stad for markeringa blei Bjørnefjorden Gjestetun valt, der vi hadde jubileumsturnering (single) på dagtid og festmiddag for klubbens medlemmer med følgje på kveldstid.

Som så ofte når singleturnering står på programmet er Stig Gamlemshaug til å rekna med i teten. Det var han denne gongen og. Etter at Linda Rasmussen hadde leia størstedelen av turneringa, blei det til slutt Stig som vann med knapp margin til Linda, og med Bjørn Hauge på tredjeplass.

Heile resultatlista frå jubileumsturneringa kan lesast under resultatdelen i slutten av årsberetningen.



Stig Gamlemshaug vann jubileumsturneringa. Her frå runden han hadde Gunnar Holm som makker. Åse Bauge og Jørgen Blix er motspelarar.

På kveldstid var det så duka for fest. Det blei ein flott fest med god mat og drikke, songar og talar med meir. Songheftet som blei laga til festen er lagt på heimesida vår og kan lastast ned derifrå (ligg under arkiv-fana).

Her følger nokre bilete frå festen på Gjestetunet:



Bjørnefjorden Gjestetun pynta til festmiddag.



Forrett.



Frå festmiddagen.



Hovudretten.



Styret i jubileumsåret. Frå venstre Wenche Nyborg, Leif Juvik, Anne Merete Heggland (leiar), Reidar Dale og Linda Rasmussen.

Lokal bridgeildsjel

I forbindelse med Os Bridgeklubb sitt 75-års jubileum ble Leif Juvik heidra med unemninga lokal bridgeildsjel.

Utdrag frå talen som blei halden under jubileumsmiddagen:

Leif har vært et engasjert medlem i Os bridgeklubb i over 30 år. I 2010 ble han utnevnt som æresmedlem for sitt engasjement i klubben. Leif har vært styremedlem i over ti år i Os bridgeklubb, og har også engasjert seg i kretsen gjennom mange år der han nå sitter som nestleder i NBF Hordaland.

Leif har alltid vært tidlig ute med å fange opp nye trender, og Os bridgeklubb var blant de første til å ta Bridgemate i bruk og har han inngående kunnskap om Ruter. Han stiller tidlig på klubbkveldene og setter lokalet i stand slik at medlemmene alltid kommer til klargjort rom. Leif har også engasjert seg i rekruttering, og har gjennom mange å drevet kursvirksomhet, og fulgt opp nye medlemmer i klubben. Han har valgt å ikke ha fast makker, men spiller med forskjellige etter behov, noe som gjør at medlemmene kan komme til klubben uten makker for kvelden - og alltid være sikker på å få spille. Videre har han utviklet gode nettsider for klubben og oppdaterer jevnlig med resultat etter spillekvelder, og annen aktuell informasjon. Det er alltid kvalitet i det Leif gjør.

Med sin lune væremåte er han med på å skape god atmosfære i klubben. Alltid oppdatert på ny begivenheter i bridgens verden, og deler gjerne sin kunnskap med andre. I tillegg til å være en dyktig bridgespiller er Leif et flott medmenneske og forbilde vi er stolte av å ha som medlem i Os bridgeklubb.



Leif Juvik blei utnemnd til lokal bridgeildskjel på jubileumsfesten på Bjørnefjorden Gjestetun.

Ope EM, 27. juni - 11. juli, Tromsø

For første gong på nærare 50 år blei eit internasjonalt meisterskap arrangert i Noreg. Ope EM i Tromsø blei eit på alle måtar vellukka arrangement med mykje god bridge og mykje godt humør.

Bjørn Hauge spelte saman med Tor Anders Hauge ope EM par, medan Thea Hauge og Marte Haugen Klingen spelte ope EM damepar. Thea og Marte var nær ved å gå til a-semifinale, men det butta litt på slutten av kvalifiseringa og det blei b-semifinale. Også Bjørn og Tor Anders gjekk til b-semifinale, og ingen av para klarte å kvalifisera seg til finalen. Resultat frå EM under resultatoversikten sist i årsberetningen. Nokre bilete frå Tromsø-EM her.



Pep-talk i kaféen før spelestart. Tor Anders, Bjørn og Thea.



Frå salen. Ca 600 spelarar spelte samtidig på det meste. På bordet nærast Sabine Auken og Roy Welland mot eit nederlandsk par.



Ein god runde for Bjørn og Tor Anders mot Tor Helness (t.v) og Fredrik Helness, men ingen EM-finale denne gongen.



Emma Sjøberg saman med makker Anna Rimstedt vann EM damepar. Her frå kvalifiseringsspelet. Thea med ryggen til. Anna og Marte på andre sida av skjermen.

NM par junior, Tromsø 16. - 17. juli 2015

NM junior par 2015 blei spelt 16. - 17. juli. Turneringa gjekk i Tromsø i forbindelse med juniorleiren, og 20 par stilte til start. Thea Hauge spelte saman med Marte Haugen Klingen frå Orkdal BK, og dei kjempa høgt på lista gjennom heile turneringa. Heilt fram til dei siste rundane var dei med å kjempa om bronsemedaljane, men ein tung runde mot vinnarane Christian Bakke og Harald Eide gjorde at det blei sjuandeplass til slutt. Likefult ei finfin plassering i NM for Thea og Marte.

Ungdoms-EM for lag i Tromsø 18. - 25. juli 2015

For 25 gong blei det spelt ungdoms-EM for lag, og denne gongen gjekk meisterskapet på heimebane. Ungdom frå heile europa var i tida 18. - 25. juli samla til EM i Tromsø. Det blei spelt i fire klassar, U26, U21, jenter og U16. Noreg stilte lag i alle klassane og Thea Hauge spelte på jentelaget.

6 lag stilte i jenteklassen, og det blei spelt alle mot alle fire gonger, totalt 20 kampar a 20 spel.

Frankrike leia turneringa lenge, og vann til slutt suverent. Polen blei to etter ei fin avslutning på turneringa. Italia kneip tredjeplassen, og surt for Nederland på fjerde som låg på andre og tredjeplass gjennom nesten heile turneringa.

For Noreg enda det med femteplass. Ein dårleg dag midt i meisterskapet øydela medaljesjansane, men uansett kjempegod innsats av jentene som framleis har mange år som juniorar.

Turneringa var og gjeldande som kvalifisering til ungdoms-VM 2016 som går i Italia. Femteplassen var akkurat nok til å kvalifisera seg, så det blir VM-tur for jentene pluss U-26-laget som med sin tredjeplass også er kvalifisert til VM.

Nokre bilete frå ungdoms-EM under.



Frå spelinga. Thea lengst frå kamera, Marte Haugen Klingen nærast.



Bursdagsfeiring under ungdoms-EM



Alle spelarar og lagleiarar samla.

Simultantturneringar

Simultantturneringane er no ein fast del av programmet for mange klubbar. Vi har deltatt i alle som er blitt spelt på måndagar. Turneringa som blei spelt måndag 11. april blei spelt saman med Sverige. Truleg vil det bli fleire av denne type simultantturneringar over landegrensene i åra som kjem.

Av enkeltresultat denne sesongen kan nemnast:

Måndag 7. september: Frode Dyrstad - Tor Anders Hauge nr. 2 (129 par deltok).

Anders Johansson - Dag Christensen nr. 4.

Måndag 5. oktober: Anders Johansson - Tor Anders Hauge nr. 4 (176 par deltok)

Måndag 2. november: Kåre Kristiansen - Olav Monstad nummer 2 (182 par deltok).

Måndag 25. januar: Kåre Kristiansen - Olav Monstad nummer 6 (182 par deltok).

Måndag 22. februar: Kåre Kristiansen - Olav Monstad nummer 9 (183 par deltok).

MP-treff 2015

MP-treffet gjekk som vanleg første veka i desember. Vi deltok måndag 7. desember, og feltet var på 312 par. Ole og Laila Årland var nær premie og forbundspoeng, men niandeplassen på landsbasis var akkurat ein plass bak. Likevel ei fin-fin passering. Nest beste paret frå Os blei Elisabeth Over - Anders Johansson på 36. plass.

Os BK juleturnering

Vår tradisjonsrike romjulsturnering blei spelt søndag 27. desember. Turneringa er med tida blitt svært populær, og dei 36 para vi har plass til var påmeldt i god tid før jul. Som vanleg blei turneringa leia på ein flott måte av Leif Gunnar Kleppevik.

Det blei dobbelt Bergen Akademisk i toppen denne gongen. Christian og Tor Bakke vann med god margin framfor Arild og Jonny Rasmussen. Tredjeplassen gjekk til Trond Are Nitter og Rune Wichmann Haldorsen frå Rubbestadneset BK. Beste osing blei Stig Gamlemshaug som saman med Roger Træet frå Kopervik BK blei nummer 5. Øvrige plasseringar av osingar ligg under resultatdelen sist i dokumentet.

Nokre bilete frå romjulsturneringa her.



Suverene vinnarar av romjulsturneringa. Tor Bakke (til venstre) og Christian Bakke. Linda Rasmussen stod for premieutdelinga.



Fullt hus; 36 par til start. Nærast på biletet ser vi Roald Mjøs (med ryggen til), deretter frå venstre Sigurd Østerbøvik, Morten Haugen og Jim Høyland.



Toppoppgjer under årets romjulturnering. Jonny Rasmussen (til venstre) blei saman med bror Arild nummer to. Christian Bakke vann turneringa saman med far Tor.

Tur til Herdla

Den etter kvart så tradisjonsrike klubbturen vår til Herdla blei arrangert helga 16. - 17. januar. Denne gongen var vi 16 deltakarar, det meste vi har vore på Herdla til no. Det heldige talet gjorde det mogleg å spela både lag, par og single-turnering. Som vanleg eit flott opphald på Herdla, med god mat, god stemning, og denne gongen og fantastisk vinterver. Resultata frå turneringane ligg under resultatoversikten. Nokre bilete frå Herdla-turen her:



Frå singleturneringa. Vilhelm Berge (med ryggen til), Tor Anders Hauge og Gerd Nøttveit.



Alltid god mat og god stemning på Herdla. Her frå middagen laurdag kveld.



Soloppgang over Herdla.

Klubbmesterskap par

Klubbmeisterskapet for par blei spelt over tre måndagskveldar i februar. Det blei ei tett turnering, og alt var ope før siste kvelden av turneringa. Til slutt var det Kåre Solibakke og Per Skotheim som kunne jubla høgast som vinnarar av årets KM. Andreplassen gjekk til Kåre Kristiansen - Olav Monstad, og tredje til Tor Anders Hauge med fleire makkere.



Kåre Solibakke (t.v) og Per Skotheim vann årets klubbmeisterskap, Anne Merete Heggland stod for pokalutdelinga.

Klubbmesterskap 2015-16

| Plass | Poeng | Navn | MNR | | <u>02-15</u> | <u>02-08</u> | <u>02-01</u> |
|-------|-------|---|-------|-------|--------------|--------------|--------------|
| 1 | 172,1 | Per Skotheim - Kåre Perry Solibakke | 33836 | 4592 | 58,9 | 55,7 | 57,5 |
| 2 | 165,4 | Kåre Kristiansen - Olav Monstad | 8405 | 3632 | 57,3 | 49,4 | 58,8 |
| 3 | 161,2 | Tor Anders Hauge | 6655 | | 58,3 | 42,9 | 60,0 |
| 4 | 160,2 | Joleiv Midttveit - Jørn Rekkum | 21631 | 5844 | 47,4 | 60,7 | 52,1 |
| 5 | 160,0 | Laila E.R. Årland - Ole Årland | 31859 | 28219 | 43,8 | 58,3 | 57,9 |
| 6 | 158,3 | Anders Johansson | 41355 | | 58,3 | 40,0 | 60,0 |
| 7 | 152,1 | Inger Marie Johansen - Vilhelm Berge | 34119 | 9217 | 40,0 | 47,9 | 64,2 |
| 8 | 147,6 | Anne Merete S. Heggland - Torhild Rasmussen | 19479 | 31575 | 51,0 | 51,2 | 45,4 |
| 9 | 147,6 | Bjørn Hauge - Frode Dyrstad | 6654 | 27533 | 56,3 | 43,5 | 47,9 |
| 10 | 140,6 | Linda Rasmussen - Gerd Nøttveit | 31574 | 36286 | 47,4 | 52,4 | 40,8 |
| 11 | 126,3 | Carl-Otto Curran - Reidar Tore Dale | 40671 | 23030 | 40,0 | 45,8 | 40,4 |
| 12 | 125,3 | Marit Havelin - Birgit N. Holsen | 37737 | 39265 | 45,3 | 40,0 | 40,0 |
| 13 | 122,7 | Thea Hove Hauge | 37261 | | 40,0 | 42,7 | 40,0 |
| 14 | 121,5 | Daniella Vedå Jordan Johannesen | 42718 | | 40,0 | 42,7 | 38,8 |
| 15 | 118,8 | Ariel Vedå Jordan Johannesen | 42717 | | 40,0 | 40,0 | 38,8 |
| 16 | 117,2 | Elisabeth Østrem Over | 33504 | | 34,4 | 42,9 | 40,0 |
| 17 | 116,3 | Tarjei Vedå Vangdal | 40645 | | 40,0 | 40,0 | 36,3 |
| 18 | 110,6 | Kari Kristiansen | 42478 | | 34,4 | 40,0 | 36,3 |

NM klubbar - CodanCup

Klubben stilte denne gongen med tre lag. To av laga takka for seg etter første/andre-runde (som blir spelt samla), men for det tredje laget bar det lengre. Først i fjerderunde måtte laget bestående av Thea Hauge, Bjørn Hauge, Anders Johansson, Kåre Kristiansen og Leif Juvik gje tapt. Der blei det eit knepent tap i bortekampen mot Sunndalsøra BK 1, eit lag som stort sett består av spelarar som spelar førstedivisjon i seriemeisterskapet. Kampresultat under resultatdelen til slutt i årsberetningen.

Seriemesterskapet 2015 - 2016

Seriemesterskapet blei spelt over to helgar, ei på hausten og ei i månadskiptet januar/februar. 4. divisjonen som blei spelt i Bergen hadde tre lag med osspelarar på laget, men ingen av laga nådde oprykk denne gongen. Beste plassering fekk lag Hauge som blei nummer 6 av dei 14 laga i puljen. Øvrige resultat under resultatdelen til slutt i årsberetningen.

Bergen Storturnering ((15) 16.-17. april

Bergen Storturnering blei arrangert helga 16. - 17. april, med velkomstturnering fredag 15. Som vanleg var det godt med spelarar frå klubben som deltok i a-gruppa, og hadde turneringa vore ein runde kortare ville det blitt os-siger denne gongen. Bjørn Hauge og Joleiv Midttveit leia då turneringa, men blei forbigått på målstreken. Likevel ein flott 2. Plass til Bjørn og Joleiv i det 38 par store feltet på Scandic City. Øvrige osresultat under resultatoversikten.



2. plass til Joleiv Midttveit og Bjørn Hauge i Storturneringas a-gruppe.

Klubbkamp mot Bergen Akademiske BK

Klubbkampen mot Bergen Akademiske BK blei som vanleg spelt over to måndagar på vårparten. Måndag 25. april spelte vi på Os (22 par deltok), og måndagen etter; 2. mai spelte vi returoppgjjer på Studentsenteret (26 par deltok).

BAK vann begge kveldane ganske klart denne gongen, og dermed leiier dei 6-2 etter åtte år med klubbkamp.

Parvis blei det siger til Tor og Christian Bakke, med Jan Løvfall - August Olsson på andre plass og Sven-Olai Høyland - Ole Johan Sørensen Schei på tredje.

Eit par bilete frå klubbkampen her:



Frå spelinga på Os. Olav Monstad nærast kamera.



Frå Studentsenteret. Åse Bauge til venstre. Christian Bakke ståande til høgre.

Servering

Kiosken har vore i drift heile sesongen med servering av vaflar, kaffi, pannekaker, brus ect. Vi takkar alle jentene for godt utført arbeid.

Økonomi

Rekneskapet viser eit overskot på kr. 7 323.- Dette er ca 11 000 kroner svakare enn 2014/2015- sesongen. Hovudårsaka til det reduserte resultatet er kostnader knytt til 75-årsjubileet vårt.

Speleavgift

Vi har hatt kr. 50.- (25.-) i speleavgift denne sesongen. Dette er same speleavgifter som forrige sesong.

Resultatoversikt

Maibridge, Rubbestadneset torsdag 14. mai 2015 (38 par)

9. Finn Fyllingslid - Stig Gamlemshaug, Bergen Akademiske BK/Os BK

29. Frode Dyrstad - Leif Juvik

34. Tor Anders Hauge - Reidar Dale

Femund Bridgefestival, lag, Bryggeloftet Elgå, Engerdal laurdag 30. mai 2015 (19 lag)

8. Real buljong, Stein Bjerkset, Annika Haugen, Marte Haugen Klingen, Thea Hove Hauge, Berkåk BK, Berkåk BK, Orkdal BK, Os BK

Femund Bridgefestival, par, Bryggeloftet Elgå, Engerdal søndag 31. mai 2015 (30 par)

23. Marte Haugen Klingen - Thea Hove Hauge, Orkdal BK/Os BK

KM lag Haugaland bridgekrets, Nordhuset, 31. mai 2015 (4 lag)

1. Bromlebassane, Tore Bårdsen, Øyvind Haga, Roger Træet, Stig Gamlemshaug, Stavanger BK/Rubbestadneset BK/Rubbestadneset BK/Os BK

Ope EM, Tromsø, 27. juni - 11. juli 2015

Resultat hovudturneringar:

Ope EM par, kvalifisering, 7. - 8. juli (210 par)

171. Bjørn Hauge - Tor Anders Hauge (til b-semifinale)

Ope EM par, b-semifinale, 9. juli (107 par)

44. Bjørn Hauge - Tor Anders Hauge (6 par frå b-semifinale til finale)

Ope EM damepar, kvalifisering, 7. juli (45 par)

25. Marte Haugen Klingen - Thea Hove Hauge, Orkdal BK/Os BK (20 par til a-semifinale)

Ope EM damepar, b-semifinale, 8. juli (25 par)

15. Marte Haugen Klingen - Thea Hove Hauge, Orkdal BK/Os BK (3 par frå b-semifinale til finale)

Resultat sideturneringar:

Måndag 6. juli, kveldsturnering (30 par)

26. Bjørn Hauge Tor Anders Hauge

Tysdag 7. juli, føremiddag (22 par)

19. Leif Juvik - Knut Pettersen, Os BK/Sandnessjøen BK

Tysdag 7. juli, kveldsturnering (24 par)

3. Bjørn Hauge - Tor Anders Hauge

19. Leif Juvik - Anne Schiefloe, Os BK/Trondhjems BK

Onsdag 8. juli, kveldsturnering (28 par)

14. Bjørn Hauge - Tor Anders Hauge

Torsdag 9. juli, ettermiddagsturnering (38 par)

1. Leif Juvik - Kurt Langhelle, Os BK/Kopervik BK

17. Marte Haugen Klingen - Thea Hove Hauge, Orkdal BK/Os BK

Torsdag 9. juli, kveldsturnering (38 par)

13. Bjørn Hauge - Tor Anders Hauge

Juniorfestivalen, Tromsø, 12. - 17. juli 2015

NM par junior, Tromsø, 16. - 17. juli 2015 (20 par)

7. Thea Hove Hauge - Marte Haugen Klingen, Os BK/Orkdal BK

55. Internasjonale Baltic Congress Sopot, Polen, 17. - 25. juli 2015

Laurdag 18. juli, førmiddagsturnering (162 par)

62. Stig Gamlemshaug - Tor Anders Hauge

Måndag 20. juli, lagturnering, kvalifisering (48 lag)

2. Norway; Stig Gamlemshaug, Tor Anders Hauge John Helge Herland, John Vaage, Os BK/Os BK/Nærbø BK/Noreg

A-finale (8 beste frå kvalifiseringa)

7. Norway; Stig Gamlemshaug, Tor Anders Hauge John Helge Herland, John Vaage, Os BK/Os BK/Nærbø BK/Noreg

Onsdag 22. juli, førmiddagsturnering (81 par)

65. Przemysław Kurzak - Tor Anders Hauge, Polen/Os BK

Onsdag 22. juli, ettermiddagsturnering (146 par)

74. Bjarte Haugland - Tor Anders Hauge, Austevoll BK/ Os BK

93. Magnus Larssen - Stig Gamlemshaug, Sarpsborg BK/Os BK

Torsdag 23. juli, ettermiddagsturnering (137 par)

123. Bjarte Haugland - Stig Gamlemshaug; Austevoll BK/Os BK

Laurdag 25. juli, førmiddagsturnering (110 par)

70. John Helge Herland - Stig Gamlemshaug; Nærbø BK/Os BK

Ungdoms-EM lag, Tromsø, 18. - 25. juli 2015, jenter U-25

5. Noreg; Thea Hove Hauge, Marte Haugen Klingen, Katarina Ekren, Stine Frøyse, Thea Lucia Indrebø, Sofie Grasholt Sjødal; Os BK/Orkdal BK/Bergen Akademiske BK, Ringebu/Fåvang BK, KGB Klyve-Gulset, Nesodden BK.

Den svenske bridgefestivalen; 25. juli - 2. august 2015, Ørebro

Laurdag 25 juli, bronseturnering (132 par)

53. Ole Årland - Laila Årland

Søndag 26. juli, bronseturnering (107 par)

23. Ole Årland - Laila Årland

Måndag 27. juli, bronseturnering (385 par)

82. Ole Årland - Laila Årland

Måndag 27. juli, bronseturnering, mix (269 par)

124. Ole Årland - Laila Årland

Tysdag 28. juli, bronseturnering, (464 par)

266. Ole Årland - Laila Årland

Tysdag 28. juli, bronseturnering, kveld (163 par)

119. Ole Årland - Laila Årland

Onsdag 29. juli, bronseturnering (342 par)

223. Ole Årland - Laila Årland

Onsdag 29. juli, bronseturnering, kveld (157 par)

98. Ole Årland - Laila Årland

Fredag 31. juli, bronseturnering (244 par)

127. Ole Årland - Laila Årland

Fredag 31. juli, bronseturnering, kveld (74 par)

69. Ole Årland - Laila Årland

Laurdag 1. august, bronseturnering (194 par)

88. Ole Årland - Laila Årland

Askim BKs 75 års jubileumsturnering, Askim videregående skole, 22. august 2015 (74 par)

2. Jørn Johansen - Stig Gamlemshaug, Moss BK/Os BK

RondaneCup, Otta kulturhus Otta, 3. - 4. oktober 2015

Laurdag 3. oktober, parturnering (45 par)

36. Laila Årland - Ole Årland

Søndag 4. oktober, lag (20 lag)

20. Moro Iell; Laila Årland, Ole Årland, Per Ove Haugaløkken, Odd Sagflaten; Austevoll BK, Austevoll BK, Otta BK, Otta BK

Nærbøgiganten, Motland skule, Nærbø, 10. - 11. oktober 2015 (32 par)

18. Laila Årland - Ole Årland

20. Thea Hove Hauge - Bjørn Hauge

Haugalandscup 2015, Haugesund, 17. - 18. oktober 2015 (22 lag)

2. Haugaland med omegn; Sigurd Østerbøvik, Birger Pedersen, Øyvind Haga, Roger Træet, Hallgeir Lunde, Stig Gamlemshaug/Kopervik BK, Kopervik BK, Rubbestadneset BK, Stord BK, Stord BK, Os BK

Os BKs 75 års jubileumsturnering, Bjørnefjorden Gjestetun, 24. oktober 2015 (24 spelarar)

1. Stig Gamlemshaug, 2. Linda Rasmussen, 3. Bjørn Hauge, 4. Kåre Perry Solibakke, 5. Tor Anders Hauge, 6. Jørn Rekkum, 7. Wenche Torgersen Nyborg, 8. Laila E.R. Årland, 8. Leif Juvik, 10. Vilhelm Berge, 10. Bjarne Vågen, 12. Gunnar Holm, 13. Inger Marie Johansen, 14.

Marit Havelin, 15. Ole Årland, 16. Torhild Rasmussen, 17. Ole Høgsve, 18. Reidar Fosse, 19. Joleiv Midttveit, 20. Anne Merete S. Heggland, 21. Jørgen Blix, 22. Reidar Tore Dale, 23. Åse Bauge, 24. Kari Kristiansen .

Canaribridge, Gran Canaria, 9. desember 2015 (22 par)

2. Gunnar Bekken -Tor Anders Hauge; Bridge for alle/Os BK

Proffen Cup 2015, Trondheim, 12. desember 2015 (56 spelarar)

43. Stig Gamelmshaug

NM klubblag, oktober 2015 - mai 2016 (?? lag)

Os BK 1: Anne Merete Heggland, Torhild Rasmussen, Linda Rasmussen, Gerd Nøttveit, Wenche Torgersen Nyborg, Elisabeth Østrem Over

Os BK 2: Frode Dyrstad, Reidar Dale, Joleiv Midttveit, Jørn Rekkum, Tor Anders Hauge

Os BK 3: Thea Hauge, Bjørn Hauge, Kåre Kristiansen, Leif Juvik, Dag Christensen, Anders Johansson

Resultat runde 1+2

| | IMP | VP |
|-----------------------------------|----------|---------------|
| Os BK 1 - Åsane BK 2: | 50 - 107 | 1,55 - 18,45 |
| Bergen Akademiske BK 1 - Os BK 1: | 163 - 22 | 20,00 - 0,00 |
| Bergen Akademiske BK 3 - Os BK 2: | 83 - 26 | 18,45 - 1,55 |
| Os BK 2 - Åsane BK 1: | 64 - 45 | 13,82 - 6,18 |
| Os BK 3 - Aurland BK: | 9 - 0 | 12,00 - 0,00* |
| Samnanger BK 1 - Os BK 3 | 57 - 74 | 6.28 - 13.72 |

*Aurland trakk laget frå turneringa, kampen ikkje spelt

Os 1 og Os 2 ute etter runde 1 og runde 2, Os 3 vidare til tredje runde

3. runde

Os BK 3 - Samnanger BK 2 94 - 64

4. runde

Sunnalsøra BK 1 - Os BK 3 70 - 56

BM lag 2015 - 2016, oktober 2015 - januar 2016, meisterpulja (6 lag)

4. Lag Hauge: Thea Hauge, Bjørn Hauge, Daniel Bjørgo, Yngve Lamo, Rosaline Barendregt, Joleiv Midttveit, Katarina Ekren, Sebastian Geissler; Os BK/Os BK/Bergen Akademiske BK/Bergen Akademiske BK/Bergen Akademiske BK/Os BK/Bergen Akademiske BK/Bergen Akademiske BK.

Os BKs juleturnering, 27. desember 2015, Os (36 par)

1. Christian Bakke - Tor Bakke, Bergen Akademiske BK
2. Arild Rasmussen - Jonny Rasmussen, Bergen Akademiske BK
3. Trond Are Nitter - Rune Wichmann Haldorsen, Rubbestadneset BK
5. Roger Træet - Stig Gamlemshaug, Kopervik BK/Os BK
6. Anders Johansson - Rune Fagerbakke, Os BK/Austevoll BK
7. Tor Anders Hauge - Frode Dyrstad, Os BK
21. Kåre Perry Solibakke - Per Skotheim, Os BK
28. Joleiv Midttveit - Jørn Rekkum, Os BK
29. Bjørn Hauge Thea Hauge, Os BK
30. Elisabeth Over - Wenche Nyborg, Os BK
34. Kate Fauskanger - Linda Rasmussen, Bergen Akademiske BK/Os BK

Nyttårscuppen 2016, 9. - 10. januar 2016, Jessheim (37 lag)

36. Norge jenter: Thea Hove Hauge, Marte Haugen Klingen, Katarina Ekren, Thea Lucia Indrebø, Sofie Grasholt Sjødal; Os BK/Orkdal BK/Bergen Akademiske BK, KGB Klyve-Gulset, Nesodden BK.

Klubbtur til Herdla, 16. - 17. januar 2016, Herdla Gjestgiveri (16 deltakere)

Herdla Teams

1. Reidars Team; Reidar Fosse, Gunnar Holm, Linda Rasmussen, Gerd Nøttveit
2. Torhilds Team; Torhild Rasmussen, Anne Merete Heggland, Inger Marie Johansen, Vilhelm Berge
3. Oles Team; Ole Årland, Laila Årland, Kate Fauskanger, Berit Grimstad
4. Marits Team; Marit Havelin, Birgit Holsen, Leif Juvik, Tor Anders Hauge

Herdla Individual

1. Vilhelm Berge, 2. Kate Fauskanger, 3. Linda Rasmussen, 4. Tor Anders Hauge, 5. Laila Årland, 5. Leif Juvik, 7. Gunnar Holm, 8. Birgit Holsen, 9. Ole Årland, 10. Torhild Rasmussen, 11. Reidar Fosse, 11. Gerd Nøttveit, 13. Anne Merete Heggland, 14. Marit Havelin, 15. Berit Grimstad, 16. Inger Marie Johansen

Herdla Pairs

1. Leif Juvik - Tor Anders Hauge, 2. Torhild Rasmussen - Anne Merete Heggland, 3. Vilhelm Berge - Inger Marie Johansen, 4. Ole Årland - Laila Årland, 5. Reidar Fosse - Gunnar Holm, 6. Gerd Nøttveit - Linda Rasmussen, 7. Marit Havelin - Birgit Holsen, 8. Kate Fauskanger - Berit Grimstad

GolCup 2016, 23. januar 2016, Gol (22 par)

12. Laila Årland - Ole Årland

Seriemesterskapet 2015 - 2016

2. divisjon avd. A (12 lag)

4. Træet; Roger Træet, Øyvind Haga, Stig Gamlemshaug, Frode Tveito, Hallgeir Lunde, Finn Fyllingslid/Stord BK/Kopervik BK/Os BK/Ullensvang BK/Stord BK/Bergen Akademiske BK

4. divisjon avd. Hordaland, spelt i Bergen (14 lag)

6. Hauge; Thea Hauge, Katarina Ekren, Sebastian Geissler, Bjørn Hauge, Asbjørn Schultz, Joleiv Midttveit, Os/Bergen Akademiske BK/Bergen Akademiske BK/Os BK/Bergen Akademiske BK/Os BK

7. Juvik; Leif Juvik, Kåre Kristianse, Tor Anders Hauge, Anders Johansson

10. Årland; Ole Årland, Laila Årland, Bjarte Haugland, Rune Fagerbakke, Øyvind Fedøy, Robin Jarnes, Kjetil Heggen.

Bedriftsmesterskapet, 5. - 6. mars 2016, Quality Hotel Økern, Oslo (12 lag)

5. Snåsavann AS; Børre Lund, Johan Finanger, Einar Asbjørn Brenne, Tor Einar Erlandsen, Kristoffer Hegge, Stig Gamlemshaug/Heimdal BK/Namsos BK/Heimdal BK/Mostadmark BK/Snåsa BK/Os BK

Påskebridge Hurdalsjøen, (18) 19. - 21. mars 2016, Hurdalsjøen Hotell og konferansesenter

Velkomstturnering, 18. mars (13 par)

8. Ole Årland - Cecilia Svenning, Austevoll BK/Inderøy BK

Åpen pulje, 19. - 20. mars (28 par)

23. Laila Årland - Ole Årland, Austevoll BK

Mix, 20. - 21. mars (24 par)

22. Laila Årland - Ole Årland, Austevoll BK

KM par Haugaland Bridgekrets, 19. - 20. mars 2016, Nord-Huset, Karmøy (13 par)

1. Roger Træet - Stig Gamlemshaug, Stord BK. Paret er dermed kvalifisert for parfinalen som går i Kristiansand 23. - 25. September 2016.

Jærpåskan, 25. mars 2016, Klepphallen (38 par)

27. Laila Årland - Ole Årland, Austevoll BK

KM par, NM semifinale Hordaland Bridgekrets, 9. april 2016, Comfort Hotell Holberg, Bergen (12 par)

11. Anders Johansson - Tor Anders Hauge
12. Ole Årland - Øyvind Fedøy, Austevoll BK

Bergen Storturnering , (16). 17. - 18. april 2016, Scandic City Bergen, A-gruppa (38 par)

2. Bjørn Hauge - Joleiv Midttveit
20. Leif Juvik - Frode Dyrstad
29. Laila Årland - Ole Årland
35. Thea Hove Hauge - Katarina Ekren, Os BK/Bergen Akademiske BK

Maibridgen, 5. mai 2016, Bømlo Hotell, Rubbestadneset (38 par)

10. Tor Anders Hauge - Anders Johansson
19. Ole Årland - Laila Årland
21. Leif Juvik - Frode Dyrstad

Bridge i Havgapet, 21. mai 2016, Austevoll (24 par)

9. Anders Johansson - Tor Anders Hauge
11. Liv Bugge - Bjørn Hauge, BAK/Os BK
12. Elisabeth Over - Åse Bauge
14. Laila Årland - Ole Årland
18. Leif Juvik - Frode Dyrstad

| Rekneskap | 2015/2016 | 2014/2015 |
|-------------------------------------|------------------|------------------|
| Inntekter: | | |
| Årskontingent | 8 300 | 8 200 |
| Kveldskontingent | 54 725 | 46 775 |
| Grasrotandel og loddsal | 60 448 | 57 410 |
| Sal av kaffi etc | 26 601 | 22 027 |
| Diverse (kursavgifter og anna)* | 5 000 | 1 200 |
| Jubileumsfest - egenandel | 7 000 | |
| Sum driftsinntekter | 162 074 | 135 612 |
| Utgifter | | |
| Kantine** | 16 000 | 14 300 |
| Premier | 9 830 | |
| Leige av lokaler | 39 500 | 40 750 |
| Kontorrekvisita | 74 | 30 |
| Loddbøker og gevinstar | 0 | 11 762 |
| Porto | 420 | 0 |
| Blomster etc | 0 | 150 |
| Diverse omkostningar nbf | 13 062 | 10 620 |
| Kontingent NBF | 10 630 | 10 950 |
| Annonse - Reklame | 2 250 | 5 814 |
| Varekjøp til kiosk med mer*** | 8 886 | 14 371 |
| Gebyr | 105 | 114 |
| Jubileumsfesten | 38 675 | |
| Andre kostnader**** | 15 441 | 8 732 |
| Sum driftskostnader | 154 873 | 117 593 |
| Renteinntekter | 121 | 135 |
| Resultat | 7 323 | 18 155 |
| Balanse | | |
| Bankinnskudd pr 30.04 på brukskonto | 70 691 | 63 412 |
| Bankinnskudd pr 30.04 på sparekonto | 4 822 | 4 779 |
| Sum | 75 513 | 68 191 |

Noter:

* Dette er prosjektstøtte frå NBF - juniorkurs
 ** I år er turneringsleing av juleturneringa flytta
 ***Nokre mindre premier er inkludert
 **** Her er mellom anna Herdlaturen,
 turneringsleiar juleturneringa og rekrutering/
 ungdomsarbeid med



Framlegg til styre 2016-2017 frå valkomiteen

Leiar: Anders Johansson, ny 2 år

Styremedlemer:

Reidar Dale, attval 2 år

Linda Rasmussen, attval 2 år

Wenche Nyborg, ikkje på val

Leif Juvik, ikkje på val

Revisor: Kåre Kristiansen, attval 1 år

Valkomite: ??
 ??

www.osbk.no



995591359

Vil du gi din støtte til OS BRIDGEKLUBB?

Grasrotandelen gir deg som spiller mulighet til å bestemme hvem som skal motta noe av overskuddet til Norsk Tipping. Hver gang du spiller kan du velge å støtte det laget eller foreningen du mener fortjener det mest. Vi oppfordrer deg til å støtte oss i OS BRIDGEKLUBB.

For å være grasrotgiver må du være kunde hos Norsk Tipping.

Ved spill hos Norsk Tipping vil inntil 5 prosent* av spillinnsatsen gå direkte til din grasrotmottaker, og best av alt, hverken innsats, premie eller vinnnersjansje reduseres.

Grasrotandelen gjelder for alle Norsk Tippings spill, bortsett fra Flax, Extra og Belago.

Gjennom å være grasrotgiver er du med på å oppfylle små og store drømmer for din grasrotmottaker.

Du kan bli grasrotgiver på en av følgende måter:

- Hos kommisjonæren
- Mobilspill
- Norsk Tipping sine nettsider
- SMS, send **Grasrotandelen 995591359** til **2020**

For mer informasjon se www.norsk-tipping.no

*For Multix og Instaspill gjelder annen beregning.



32774995591359